



FITJAR

VEDTEKTER FOR ALKOHOLOMSETNAD

Løyveperioden 01.07.2016 – 30.09.2020

Vedteke av Fitjar kommunestyre 22.06.16

Innhald

1 Alkoholomsetnaden i Fitjar kommune	3
1.1 Mål.....	3
1.2 Delmål.....	3
1.3 Definisjonar	3
2 Sal av alkoholhaldig drikk	4
2.1 Tildeling av løyve.....	4
2.2 Salstider	4
2.3 Vilkår knytt til løyvet	4
3 Skjenking av alkoholhaldig drikk	4
3.1 Tildeling av løyve.....	4
3.2 Skjenketider	4
3.3 Krav til skjenkelokale for faste løyve.....	5
3.4 Geografisk plassering.....	5
3.5 Særskilte krav for alkoholhaldig drikk gruppe 3.....	5
3.6 Ambulerande løyve til slutta lag.....	5
3.7 Løyve til skjenking ved opne arrangement for einskildhøve.....	6
3.8 Løyve for kortare tidsperiodar.....	6
3.9 Krav til orden og sosial kontroll	6
3.10 Skjenking i kommunale bygg.....	6
4 Kontroll med sals- og skjenkeløyve	7
5 Avgifter	7
5.1 Avgift for tidsavgrensa løyve	7
5.2 Avgift for gjennomføring av skjenkeprøve	7
5.3 Faste sals- og skjenkeløyve.....	7
6 Sakshandsaming	8
6.1 Fullmakter.....	8
6.2 Vandelsvurderingar	8
6.3 Søknadsfristar og sakshandsamingstid.....	8
6.4 Klagehandsaming.....	8

1 Alkoholomsetnaden i Fitjar kommune

I følgje alkohollova § 1-7d skal kommunen laga ein alkoholpolitisk handlingsplan. Alkohollova skal vera eit sentralt verkemiddel i alkoholpolitikken, og den kommunale rusmiddelpolitiske planen bør innehalda dei alkoholpolitiske hovudmåla og delmåla som kommunen legg til grunn for sin alkoholpolitikk. Like eins bør den seia litt om kva for virkemiddel kommunen vil ta i bruk for å nå måla.

1.1 Mål

Målet med desse vedtektene er å regulera alkoholomsetnaden i Fitjar slik at omsetnaden går føre seg i forsvarlege former – slik statlege og kommunale organ føreset – og slik at

- dei samfunnsmessige og individuelle skadane som alkoholforbruk kan føra til, vert avgrensa i størst mogeleg grad
- omsetnaden blir utøvd i samsvar med alkohollova, med tilhøyrande forskrift og andre relevante lover, føreseigner og retningsliner fastsett av Fitjar kommunestyre til ei kvar tid
- næringa får føreseielege rammer for drifta

1.2 Delmål

- Det er Fitjar kommune si generelle haldning at det skal vera ei kurant sak å få sals- og skjenkeløyve dersom søkjaren fyller dei vilkåra som alkohollova og anna relevant lovgjeving set. Like eins må vilkåra som går fram av kommunen sine vedtekter for alkoholomsetnaden og andre lover og forskrifter, vera oppfylt.
- Fitjar kommune legg opp til jamleg kontakt med utsals- og restaurantnæringa sine representantar i eigne kontaktforum. Hensikta er å skapa ein god dialog med næringa og samarbeid i tråd med alkohollova sitt føremål.
- Fitjar kommune legg opp til å kunna rettleia og formidla kunnskap om alkohollova overfor sals- og skjenkestadene i kommunen.
- Fitjar kommune legg ikkje opp til ei øvre grense for talet på sals- eller skjenkeløyve.
- Fitjar kommune legg opp til regelmessig kontroll med sals- og skjenkestadene – òg med stader som har fått tidsavgrensa løyve.
- Sals- og skjenkestader som ikkje driv i samsvar med alkohollova, anna relevant lovgjeving og kommunale vedtekter for alkoholomsetnaden, må rekna med at inndraging av sals- og skjenkeløyve kan bli aktuelt.
- Fitjar kommune kan i planperioden søkje Vinmonopolet AS om etablering av utsal/filial for sal av alkoholhaldig drikk i klasse 2 og 3 (Vinmonopol)

1.3 Definisjonar

Følgjande definisjonar vert lagt til grunn i alkoholforskrifta § 1-3.

- Alkoholfri drikk er under 0,7 volumprosent alkohol
- Alkoholsvak drikk er mellom 0,7 volumprosent og 2,5 volumprosent alkohol
- Alkoholhaldig drikk gruppe 1 inneheld over 2,5 volumprosent og mindre enn 4,7 volumprosent alkohol
- Alkoholhaldig drikk gruppe 2 inneheld over 4,7 volumprosent og mindre enn 22 volumprosent alkohol
- Alkoholhaldig drikk gruppe 3 inneheld mellom 22 og 60 volumprosent alkohol

Inndelinga ovafor vert også gjennomført for aldersgrensene, slik at sal og skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 er 18 år, og 20 år for gruppe 3.

Med tidsavgrensa løyve meinast ambulerande løyve for slutta lag (kapittel 3.6), løyve til skjenking ved opne arrangement for einskildhøve (kapittel 3.7) og løyve for kortare tidsperiodar (kapittel 3.8).

2 Sal av alkoholhaldig drikk

2.1 Tildeling av løyve

Forretningar kan få løyve for sal av alkoholhaldig drikk gruppe 1.

Bensinstasjonar eller kioskar kan ikkje få løyve, jf. alkohollova § 3-8 og alkoholforskrifta § 3-4.

2.2 Salstider

Sal av alkoholhaldig drikk gruppe 1 kan skje innan følgjande tidsrom:

- | | |
|------------------------|------------------|
| • Måndag – fredag | kl. 09.00-20.00 |
| • Laurdag | kl. 09.00-18.00 |
| • Dagar før heilagdag | kl. 09.00-18.00* |
| • Søndag og heilagdag: | stengt |
| • 1. mai | stengt |
| • 17. mai | stengt |

* Gjeld ikkje onsdag før Kristi Himmelfartsdag, då salet kan vera ope til kl. 20.00.

2.3 Vilkår knytt til løyvet

Følgjande vilkår er knytt til salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1.

- Varene skal plasserast ein og same stad i lokalet. Alkoholfrie og alkoholsvake varer skal ikkje plasserast saman med alkoholhaldige varer.
- Varene skal vera fysisk dekkja til, avsperra eller låst dersom butikken held ope utover dei vedtekne salstidene for alkoholhaldig drikk gruppe 1.
- Tildekking skal skje ved fastmontert gardin eller anna fastmontert materiale som tydeleg viser når varen ikkje er tilgjengeleg.
- I lokalet skal det henga oppslag som gir tydeleg informasjon om
 - tidsrom for sal av alkoholhaldig drikk
 - aldersgrense for sal eller utlevering av alkoholhaldig drikk
 - forbod mot sal eller utlevering av alkoholhaldig drikk til rusa personar
 - kven som er styrar / reservestyrar for løyvet.

3 Skjenking av alkoholhaldig drikk

3.1 Tildeling av løyve

Verksemder kan få løyve for sal av alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3. Skjenkeløyvet gjeld for eit bestemt lokale og ei bestemt type verksemd, konsept.

Kantiner/kafeteriaar på arbeidsplassar vil ikkje kunna få fast skjenkeløyve.

3.2 Skjenketider

Skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 innandørs

- | | |
|--------------------------------------|-----------------|
| • Natt til måndag - fredag | kl. 12.00-01.00 |
| • Natt til laurdag og søndag | kl. 12.00-02.00 |
| • 30. april, 16. mai og 31. desember | kl. 12.00-02.00 |

Skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2, på 1. juledag og langfredag er mellom kl. 12.00 og 01.00 sjølv om dagen fell på ein laurdag eller søndag.

Skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 3 innandørs

- | | |
|------------------------------|-----------------|
| • Natt til måndag – fredag | kl. 13.00-24.00 |
| • Natt til laurdag og søndag | kl. 13.00-01.00 |

Konsum av utskjenka alkoholhaldig drikk må opphøyra seinast 30 minuttar etter at

skjenketida er slutt.

Skjenking av alkoholhaldig drikk utandørs

- Gruppe 1 og 2 kl. 12.00-24.00
- Gruppe 3 kl. 13.00-24.00

Natta sommartida tek til, skal skjenketida følgja den oppsette skjenketida for den aktuelle dagen. Når vintertida tek til, skal skjenketida følgja den oppsette skjenketida for den aktuelle dagen.

Overnattingsstader kan skjenka alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 til overnattingsgjestar utan omsyn til avgrensingane i dette kapittel, jf. alkohollova § 4-4 siste ledd. Det er ein føresetnad at skjenking til overnattingsgjester skjer utanfor overnattingsstaden sitt ordinære skjenkeareal, t.d. på gjesteromma eller i resepsjonen. Overnattingsstad blir i denne samanhengen definert som skjenkestad som driv med utleige av rom mot betaling. Dette gjeld ikkje campinghytter.

Skjenketidene om bord i fartøy som ikkje blir omfatta av statleg løyve, jf. alkohollova § 5-2, fyrste ledd nr. 3, er dei same som går fram av dette kapittel. Det blir ikkje gjeve løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 3 om bord i fartøy som må ha kommunalt løyve.

3.3 Krav til skjenkelokale for faste løyve

Alkoholfri drikk skal vera godt synleg og tilgjengeleg ved bardisk.

3.4 Geografisk plassering

Serveringsstader med skjenkeløyve skal til vanleg vera plassert i nærings- eller handelsområde. Det kan gjerast unntak for turist- og næringsetablisement når slike er plassert spesielt med tanke på reiselivsføremål i bygg og område som naturleg er innretta for slike føremål, t.d. fjellstover, fritidsanlegg ved sjøen, vegkroer o.l.

Det blir ikkje gjeve løyve til skjenking ved serveringsstader som er plassert i bustadområde utanfor sentrumsnære område i Fitjar.

3.5 Særskilte krav for alkoholhaldig drikk gruppe 3

Går ut etter kommunestyret sitt vedtak.

3.6 Ambulerande løyve til slutta lag

Når tilhøva ligg til rette for det, kan det gjevast løyve til skjenking i slutta lag på ein stad som kan godkjennast ved eit einskild høve.

Løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 3 kan ikkje bli gjeve til arrangement om bord i fartøy som blir leigd ut for dagsturar/helgeturar og liknande.

Overnattingsstad med skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3 kan skjenka til slutta lag innandørs fram til kl. 02.00 alle dagar.

Det er ein føresetnad at løyvehavaren er over 20 år.

Omgrepet slutta lag er omtalt nærmare i Sosialdepartementet sitt rundskriv I-6/98, jfr. merknadene til alkohollova § 4-5, sjå side 154/155. Fitjar kommune legg i tillegg følgjande til grunn for si forståing av omgrepet:

- Private arrangement, t.d. familielag, vennelag, firmafestar, jubileum med avgrensa deltaking for personleg inviterte eller inviterte som tilsette i eit firma eller medlemmer i ein organisasjon – og der arrangøren på førehand har oversikt over kva for namngitte personar som kjem til å delta.
- Det skal føreliggja ei liste over deltakarar
- Utanforståande, dvs. ikkje inviterte personar, har ikkje tilgjenge til arrangementet.

- Vanlege medlemsmøte i ein organisasjon, klubbar o.l. med avgrensa medlemskap blir ikkje definert som slutta lag.

Vedtak om løyve skal vera tilgjengeleg i lokalet i perioden for skjenkeløyvet.

3.7 Løyve til skjenking ved opne arrangement for einskildhøve

Det kan gjevast løyve til skjenking ved einskildhøve til opne arrangement innandørs og utandørs. Løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 3 kan ikkje bli gjeve til arrangement om bord i fartøy.

Med uttrykket «einskilde høve» blir det her meint eingongsarrangement, dvs. arrangement som ikkje blir skipa til regelmessig fleire gongar årleg.

Det er ein føresetnad at løyvehavar er over 20 år.

Vedtak om løyve skal vera tilgjengeleg i lokalet i perioden for skjenkeløyvet.

3.8 Løyve for kortare tidsperiodar

I samband med spesielle arrangement som t.d. messer, revyar, festspel o.a. kan kommunen gje alminneleg skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gr. 1 og 2 for kortare tidsperiodar.

Serveringsstad som frå før har alminneleg skjenkeløyve, kan få utvida område for skjenking innandørs og utandørs – for inntil 2 månader.

Serveringsstader som ikkje har skjenkeløyve, kan få løyve for ein kortare tidsperiode dersom løyvehavar er over 20 år og har utvist uklanderleg vandel i høve til alkohollova og anna lovgjeving som har samband med alkohollova sine føremål. Slikt tidsavgrensa løyve kan berre gis for høgst 3 dagar.

Vedtak om løyve skal vera tilgjengeleg i lokalet i perioden for skjenkeløyvet.

3.9 Krav til orden og sosial kontroll

Løyvehavar skal til ei kvar tid ha god orden og god sosial kontroll – både i skjenkelokalet, på det fysiske avgrensa skjenkeområdet, ved inngangen til lokalet eller skjenkeområdet og like eins utanfor dette.

I dette ligg det krav om at talet på vakter og serverings-/skjenkepersonale skal vera sett i høve talet på gjestar.

3.10 Skjenking i kommunale bygg

Det kan ikkje tildelast faste skjenkeløyve i bygg som Fitjar kommune eig, har eigarrett i eller administrerer. Det kan bli gjeve tidsavgrensa løyve i Fitjar kultur- og idrettsbygg.

Arrangement som blir rekna som slutta lag, jf. punkt 3.4, kan få løyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3 i Fitjar kultur- og idrettsbygg.

Det kan bli gjeve løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 for einskildhøve til opne arrangement i Fitjar kultur- og idrettsbygg.

Fitjar kultur- og idrettsbygg kan berre nyttast til arrangement etter dette kapitlet når det ikkje går føre seg barne-, ungdoms- og idrettsaktivitetar i huset. Når arrangement med alkoholservering skal finna stad, må huset vera stengt for barne-, ungdoms- og idrettsaktivitetar i minst 2 timar før arrangementet tek til. Huset må vera rydda/stengt etter arrangement med alkoholservering i minst 2 timar før idrettsarrangement startar opp igjen.

4 Kontroll med sals- og skjenkeløyve

Kommunen sin kontroll med sal og skjenking av alkohol er fastsett i alkohollova § 1-9.

Fitjar kommune har inngått innkjøpssamarbeid med andre kommunar og avtale med vaktelskap om alkoholkontrollar.

Kontrollen på sals- og skjenkestader skal gå føre etter ein nærare fastsett plan som er sett opp av den eininga som har ansvar for fagområdet.

Det blir normalt lagt opp til gjennomsnittleg 4 kontrollar pr. år for alle løyve. Det kan gjerast hyppigare kontrollar dersom dette er naturleg. Kommunen kan òg ha kontroll med tidsavgrensa løyve. Rapportane vert årleg lagde fram for utval for oppvekst og omsorg.

Følgjande tiltak skal setjast i verk overfor sals- og skjenkestader som ikkje driv i samsvar med alkohollovgevinga:

- Dersom alkoholkontrollørane etter alkoholkontroll meiner å påvisa brot på alkohollova eller kommunale vedtekter ved sals- eller skjenkestad, skal kontrollørane skriva utfyllande, detaljert rapport til kommunen.
- Administrasjonen sender gjenpart av rapporten til den aktuelle sals- eller skjenkestaden og ber om kommentar og/eller kallar inn til samtale for å klargjera dei faktiske tilhøva.
- Ved brot på alkohollovgevinga skal kommunen tildela løyvehavar eit bestemt tal prikkar, jf. alkoholforskrifta § 10-2.
- Dersom løyvehavar i løpet av ein periode på to år er tildelt til saman 12 prikkar, skal kommunestyret inndra løyvet for eit tidsrom på ei veke. Dersom det i løpet av toårsperioden blir tildelt fleire enn 12 prikkar skal kommunestyret auke lengda på inndraginga tilsvarande.

5 Avgifter

Sals- og skjenkeavgiftene skal nyttast til:

- å vera med å dekkja opp kommunen sine utgifter ved ei tilfredsstillande kontrollordning
- å gje opplæring og oppdatering av administrativt personale
- rusførebyggjande tiltak mellom barn og unge

5.1 Avgift for tidsavgrensa løyve

Avgifta skal til ein kvar tid vera lik maksimumssatsen i forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv.

5.2 Avgift for gjennomføring av skjenkeprøve

Avgifta skal til ein kvar tid vera lik maksimumssatsen i forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv.

5.3 Faste sals- og skjenkeløyve

Reglar om bevillingsgebyr er fastsett i alkoholforskrifta kapittel 6. Gebyret blir fastsett for eitt år om gongen for kvart einskild løyve på grunnlag av forventa omsett mengd alkoholhaldig drikk. Løyvehavar skal innbetala eit forskotsgebyr.

I løpet av fyrste halvår skal den einskilde løyvehavaren innbetala eit a-kontobeløp tilsvarande om lag forventa gebyr for komande år.

Innan 1. mars kvart år skal løyvehavar senda inn oppgåve over faktisk omsett mengd alkoholhaldig drikk året før. Dersom det ligg føre avvik på meir enn kr 100 mellom

tidlegare oppgitt forventa omsetnad og faktisk omsetnad, skal kommunen foreta etterutrekning og etteroppgjær.

6 Sakshandsaming

6.1 Fullmakter

Fullmakter i samband med saker etter alkohollova går fram av delegeringsreglementet.

6.2 Vandelsvurderingar

Administrasjonen hentar inn vandelsvurderingar i samband med alle søknadar om faste løyve. Ved søknadar om tidsavgrensa løyve blir det innhenta vandelsvurdering ein gang i løpet av kommunestyreperioden.

Fitjar kommune kan henta inn vandelsvurderingar i samband med eventuelt vedtak om vidareføring av gjeldande løyve for ny kommunestyreperiode.

6.3 Søknadsfristar og sakshandsamingstid

Sakshandsaminga av søknader etter alkohollova vil nødvendigvis ta tid etter som fleire høyringsinstansar skal uttala seg før endeleg avgjerd kan takast. Administrasjonen skal så raskt som mogeleg starta sakshandsaminga og henta inn uttaler frå aktuelle høyringsinstansar.

Søknadsfrist tidsavgrensa løyve er seinast ei veke før arrangementet skal finna stad. Dersom det ikkje er gjort vandelsvurdering av skjenkestyrar i løpet av kommunestyreperioden er fristen 2 veker.

Sakshandsamingstida for faste løyve vil normalt ta lenger tid etter som fleire høyringsinstansar skal uttala seg til søknaden. Kommunen legg opp til at det i alle høve ikkje skal gå meir enn 60 dagar frå søknaden er motteken til endeleg vedtak er gjort. Administrasjonen skal orientera søkjaren dersom det vil ta særleg lang tid før avgjerd i saka kan forventast, jf. forvaltningslova § 11a, andre ledd.

6.4 Klagehandsaming

Kommunen sine enkeltvedtak etter alkohollova § 1-8 og kap. 3, 4 og 7 kan påklagast til Fylkesmannen, jf. § 1-16.

For den interne klageordninga gjeld følgjande:

- Enkeltvedtak gjort av utval for oppvekst og omsorg kan påklagast til kommunestyret. Dersom kommunestyret sluttar seg til utvalet sitt vedtak, skal klagen sendast vidare til Fylkesmannen dersom saka fell inn under første avsnitt i dette kapitlet.
- Enkeltvedtak gjort av administrasjonen kan påklagast til utval for oppvekst og omsorg.